



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1976

Namnet på vatnet Ritludsøen  
Kommune ..... Fjelldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga, er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-  
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind  
Vasshaug.

## R I T L A N D S V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 11. sept. 1975.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærmere stadfest nord for Vasshus, og med Bakkåsen i aust og Langemyråsen i nord.

Arealet er omlag 38 ha. og h.o.h. 71 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit grunt vatn, sjølv om ein sikkert vil finna djupare partier einskilte stader.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark med furuskog, men der er også ein del dyrka mark og kulturbeiter.

Fleire større og mindre bekketilsig fell inn i nord-vest og avlaupet renn ut i sør til Suldalslågen.

### Dei kjemiske tilhova.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 6.5 som er nærmest ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.5 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og vil utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne  $K_{18} = 39.0$ .

Gjennomstøyminga er normalt liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 1 fåbørstemark, 1 fjærmygglarve og 1 vårflugelarve tilsvarande 30 individ pr.  $m^2$ .

5,0 meteren gav som resultat 1 fjærmygglarve, 1 fåbørstemark og 1 stankelbeinlarve også her tilsvarende 30 individ pr.  $m^2$ . Samla resultat syner at det er lite med botndyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretakten, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne stingsild, plankton, fjærmygglarver, sneglar, fjærmyggupper, luftinnsekter og muslingar.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10,0 m, med planktonhov. Horisontaltrekket må karakteriserast som medels rikt medan vertikaltrekket var ein heller fattig prøve.

#### Fisk m.v.


Aure og stingsild er fiske slag i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 49 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på Cm-klassar får vi denne grafiske  
framstillinga.



Det vart teke prøver av 20 fiskar og av desse var 8 røde, 9 lys-røde og 3 kvite i fiskekjettet.

Vidare var der 10 hanfiskar og 10 hofiskar.

10 av fiskane (50 %) var angripne av parasittar.


13 av fiskane (65 %) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,3	9,3	15,2	20,4	24,7	28,7
Årleg lengdetilvekst i cm	4,3	5,0	5,8	5,3	4,3	4,0
Antall fiskar	20	20	20	19	13	5

Medel kondisjonsfaktor = 0,95 tilseier fisk av medels bra kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for fisken i Ritlandsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Ritlandsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 33-34 cm, men det er bare få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sikkert finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er då fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som er noko i overkant av vatnet si bæreeemne.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse relativt gode, sjølv om vatnet har ei svak bufferemna.

Botnprøvene og planktonprøvene gav eit magert resultat, og omfardelinga saman med cm-klasseinndelinga fortel, at det er små-fisken som dominarar.

Vekstkurven er stort sett bra, men kondisjonsfaktoren kunne ha vore noko høgare. Vidare var 50 % av prøvefiskane angripne av parasittar, så mykje talar for at vatnet er noko overbefolka. Som kjent er det nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet til Ritlandsvatnet består stort sett av skogsmark, der furuskogen dominarar, og då den dyrka marka for det meste ligg på sørsida, i nærlieken av utfallsosen, vil gjødningseffekten i liten monn koma vatnet til gode. Likevel dreg det i positiv lei og tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon i vatnet.

Gytetilhøva er gode og dette fører til at det årleg kjem store årgangar med yngel og småfisk ut i vatnet. Blir ikkje denne årlege tilveksten hausta, hopar den seg opp, og gir grunnlag for småvaksen fisk av ikkje heilt fullgod kvalitet.

### Praktiske tiltak.

Vi vil foreslå, at grunneigarane til Ritlandsvatnet går saman om å skipe eit grunneigarlag, då eit lag alltid står sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjølve har einetten til garnfiske.

Vidare må ein intensivere fisket ein god del i åra framover i høve til den utfiskinga som til denne tid har vorte foreteken. Det må

kjøpast inn 6-8 garn av hovande maskestortleik (garna kan tingast hjå underskrivne) og med desse må det då drivast utfisking. Det er særleg ved bekke-osane om hausten at ein kan gjere dei store fangstane.

Ved å驱va denne utfiskinga i 2-3 år framover, vil ein kunna sjå korleis fiskestortleiken aukar og kvaliteten betrast. Ritlandsvatnet er eit "idyllisk" fiskevatn, som ligg lageleg til, så alt må gjerast for å få fram eit best mogeleg fiskebestand til beste både for grunneigarane og andre som måtte ha lyst til å prøve fiskelukka.

Stavanger den 4. mars 1976

Einar Berg